



Haugaland brann og redning iks



Årsmelding 2021

Haugesund, 01.03.2022

Dag Botnen
brannsjef

INNHALD

1.0	GENERELT
1.1	Organisasjon
1.2	Ansvarsområde
1.3	Mål
1.4	Oppsummering 2021
2.0	BEREDSKAPSAVDELING
2.1	Delmål
2.2	Tilsette
2.3	Kompetanseheving
2.4	Utrykningar
2.5	Varslingsentral/samband
2.6	Samarbeidsavtalar
3.0	LOGISTIKKAVDELING
3.1	Delmål
3.2	Tilsette
3.3	Køyretøy, utstyr og materiell
3.4	Brannstasjonar
3.5	Kontroll, vedlikehald og ettersyn
3.6	Ressursstasjonar
4.0	FØREBYGGJANDE AVDELING
4.1	Innleiing
4.2	Delmål
4.3	Tilsette
4.4	Kompetanseheving
4.5	Førebyggjande arbeidsområde
4.6	Særskilte brannobjekt
4.7	Informasjonstiltak og motivasjon
4.8	Risikoutsatte grupper
4.9	Øvrige førebyggjande oppgåver
4.10	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
5.0	ADMINISTRASJON
5.1	Administrasjon
5.2	Oppgåver i 2021
5.3	Likestilling og mangfald
5.4	Helse, miljø og sikkerheit
5.5	Informasjon
5.6	Sjukefråver
5.7	Prosjekt
6.0	STYRE OG REPRESENTANTSKAP 2021
6.1	Møteaktivitet styret
6.2	Møteaktivitet representantskap
6.3	Anna møteaktivitet
7.0	REKNESKAP
7.1	Oversikt over økonomisk drift per 31.12.2021
7.2	Investeringar
7.3	Netto driftsresultat


1.0 GENERELT

1.1 Organisasjon

Haugaland brann og redning iks (HBR) vart stifta 03.04.2017 med oppstart av drifta frå og med 01.07.2018. Selskapet er organisert som eit IKS etter lov om interkommunale selskap. Deltakarane er kommunane Bokn, Etne, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

I dag er grunnlag for dimensjoneringa ± 76 000 innbyggjarar og det er for selskapet 39 tilsette på heiltid og 311 deltidsmannskap. Hovudkontoret er i Diktervegen 8 i Haugesund og det er 20 brannstasjonar fordelt på våre 8 kommunar.

Vår organisasjon er:



1.2 Ansvarsområde

Haugaland brann og redning iks sine oppgaver er, jfr. brannvernlova § 11:

- a) å gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farar ved brann, brannverntiltak og korleis ein skal opptre ved brann og andre akutte ulukker,
- b) å gjennomføre brannførebyggande tilsyn,
- c) å gjennomføre ulukkesførebyggande oppgåver i samband med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på veg og jernbane,
- d) å utføre nærare bestemte førebyggande og beredskapsmessige oppgåver i krigs- og krisesituasjonar,
- e) å vere innsatsstyrke ved brann,
- f) å vere innsatsstyrke ved andre akutte ulukker der det er bestemt med grunnlag i kommunen sin risiko- og sårbarhetsanalyse og
- g) å sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Etter selskapsavtalen kan HBR ta på seg andre oppgaver eigarane og selskapet er einige om.

1.3 Mål

Haugaland brann og redning iks har som mål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker.

Haugaland brann og redning iks skal vere organisert, tilfredsstillande utstyrt og bemanna med personell som har tilstrekkeleg kompetanse slik at oppgåver etter lov om brannvern kan bli utført tilfredsstillande.

Haugaland brann og redning iks skal utføre tenester med høg kvalitet og som tilfredsstiller dei krav som eigarane og innbyargarane i våre kommunar forventar.

1.4 Oppsummering 2021

Administrativt

- a) Covid-19 har prega 2021 der mykje kapasitet er knytt opp mot handtering av måten Haugaland brann og redning iks skulle møte denne trusselen på. Det har vore kontinuerleg drift, men det har vore nødvendig å endre oppgåver og metoden oppgåvene skulle løysast.
- b) Arbeid med oppfølging av bekymringsmeldingar, varslings saker og personalsaker har krevd mykje kapasitet av leiinga og dei tillitsvalte. Det er gjennomført ekstraordinære styre- og representantskapsmøte, eigarmøte, samarbeidsmøte m.m.. Utover dette er det utført personal-, styre-, leiar- og kontaktmøte m.m. Dette arbeidet tilsvarar samla fleire årsverk og har medført at andre oppgåver ikkje blitt utført.
- c) Rekneskapet viser netto driftsresultat på kr 2 986 673. Me har ca. kr 135' i ekstrakostnadar som følgje av Covid-19 i 2021. Dei fleste er eit resultat av ekstra vakter som følgje av karantenerreglar, men også ein del verneutstyr har vore nødvendig å investere i.
- d) Det er gjennomført 10 styremøte, 3 representantskapsmøte og 3 eigarmøte. Fleire av dei ekstraordinære møta er knytt opp mot varslings saker og bekymringsmeldingar.

Førebyggande

Covid-19 har sett sitt preg på førebyggande arbeid også i 2021. Det har vore kontinuitet i drifta men det har vore nødvendig med justering i måten arbeidet er gjennomført på. Arbeidet med forebyggendeanalysen har vore prioritert. Nøkkeltal på ulike førebyggande tiltak:

- a) Det er gjennomført 158 tilsyn eller tilsvarande tiltak med særskilte objekt.
- b) Det er mottatt og behandlet 17 branntips/bekymringsmeldingar.
- c) Det er gjennomført 8 «etter brannen» aksjoner.
- d) Det er gjennomført brannforebyggende opplæring for ca. 900 personar
- e) Det er behandlet 65 høringer på plan-/byggesaker.

- f) Det er gjennomført 7121 tilsyn med fyringsanlegg.
- g) Det er gjennomført 8018 feiingar av fyringsanlegg.

Beredskap

- a) Det er til tross for Covid-19, gjennomført mange kurs og andre kompetanseheevande tiltak. Det har aldri i regionen blitt utdanna så mange brannkonstabler og utrykningsleiare på et år. Totalt sett ble det gjennomført meir enn 17000 kurstimar, en firedobling frå året før. OW
- b) Øvingar er gjennomført i tråd med plan, men det har vore nødvendig å endre måten øvingar vart gjennomført på. Øvingar er tilpassa smittetrykket til ein kvar tid. I enkelte periodar har det berre vore maksimum 4 personar per øving, i andre periodar har me tillate inntil halv stasjon. OW
- c) Det har vore 986 utrykningar i 2021, noko som er 12 % flere enn for 2020. Dette er tilsvarende det som var norm før covid-19. OW
- d) 1/3 av alle utrykningar er automatiske brannalarmar, og det er nokså likt tidligare år. OW
- e) Me ser at helseoppdrag utgjør 110 av våre utrykningar..

Logistikk

- a) Det er gjort innkjøp av verneutstyr og materiell som må på plass for at Ølen og Kopervik stasjon skal kunne fungere som ressursstasjonar for de andre 18 brannstasjonane. Ressursstasjonane er sett i drift.
- b) Det er investert i 5 fremskutte enheter, 3 mannskapsbiler, 2 tankbilar og ein tilsynsbil bolig.
- c) Det er arbeid med oppfølging av brannstasjonar der nokre stasjonar er under bygging, nokre skal ferdigstillast og nokre skal prosjekterast.
- d) Det er gjennomført eit omfattande arbeid i å etablere ordningar som sikrar at HBR har eit godt system for kontroll, vedlikehald og ettersyn av alle køyretøy, alt utstyr, brannstasjonar samt anna materiale.

2.0 BEREDSKAPSAVDELING

2.1 Delmål

Beredskapsavdelinga skal redusere konsekvensane ved brann og andre ulykker gjennom effektive tiltak når uønskete hendingar skjer. Dette skal gjerast med bakgrunn i ei beredskapsanalyse som sikrar oss i å gjere målretta og effektive tiltak mot uakseptabel risiko.

2.2 Tilsette

Forutan leiar har avdelinga tre områder: område Øst, Midt og Vest. Kwart av områda har ein områdeleiar for å følgje opp dagleg drift. I administrasjonen er ein branningeniør tilknytt avdelinga og operativt er det i heile stillingar p.t. 2 brannmeistrar og 2 brigadeleiarar.

Mannskap er fordelt på 20 stasjonar etter følgjande tabell:

Stasjon	Kommune	Mannskap	Utrykningsleiiing og overordna vakt	Vaktordning
Førde	Sveio	14	4	nei
Sveio	Sveio	14		nei
Aksdal	Tysvær	16	2	2 mannskap helg
Tysværvåg	Tysvær	16		nei
Nedstrand	Tysvær	16		nei
Bokn	Bokn	18		nei
Skudenes	Karmøy	16	5 + 4	vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Åkra	Karmøy	16		vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Kopervik	Karmøy	20		vaktlag 24/7 (5 mannskap)
Bø	Karmøy	16		vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Vormedal	Karmøy	16		vaktlag 24/7 (4 mannskap)
Utsira	Utsira	10		nei
Etne	Etne	16	4	utrykningsledervakt 24/7
Skånevik	Etne	12		utrykningsledervakt 24/7
Ølen	Vindafjord	16		utrykningsleiarvakt 24/7 - ikkje dagtid
Sandeid	Vindafjord	10		utrykningsleiarvakt 24/7 - ikkje dagtid
Skjold	Vindafjord	12		utrykningsleiarvakt 24/7 - ikkje dagtid
Sand	Suldal	16	4	utrykningsleiarvakt 24/7
Suldalsosen	Suldal	12		nei
Jelsa	Suldal	10		nei

Arbeidet med beredskapsanalyse er starta opp og er forventa ferdig i 2022. Dette kan medføre endring av eksisterande beredskapsløysingar i brannvesenet

2.3 Kompetanseheving

KURS OG OPPLÆRING

I 2020 lærte me å planlegge og gjennomføra kompetanseheving med covid-19 som med- og motspelar. I 2021 har me fortsett med kompetanseheving med covid-19 på laget. Me har teke utfordringar på strak arm og omprioritert der det har vore nødvendig. Me har likevel lukkast i å gjennomføre dei fleste kurs som var planlagt, men vi har måtte delt opp i mindre grupper og det har blitt fleire dagar for instruktørane.

Dei store løfta i 2021 var grunnkurs deltid og utrykningsleiar kurs. Grunnkurs deltid kom med ny kursplan i 2021, noko som kravde nye timeplanar og god planlegging. 28 kandidatar fullførte og stod eksamen. Utrykningsleiar kurs arrangerte me for første gong og dette kurset kravde mykje planlegging i forkant og under gjennomføring. Her var det også 28 kandidatar som klarte både kurs og eksamen med glans.

Tabell viser kva me har klart å gjennomføre i 2021. Me er stolt av dette i «annerledesåret 2021 (2)»:

Kurs 2021	Arrangør	Deltakar	Tid	Timar deltakarar
Nettbasert brevkurs	Norges brannskole	12	-	-
Grunnkurs - ferdig i 2021	Norges brannskole/ Hbr	28	208	(5824)
Utrykningsleiarkurs – ferdig 2021	Norges brannskole/ Hbr	28	238	(6664)
160-utrykningskøyring kurs	Hbr/Nord Aurdal brann	19	80	1520
160-vedlikehaldskurs	Hbr	21	7,5	157
Klasse C-kurs	Vindafjord trafikkopplæring	7	80	560
Røykdykkarkurs	Hbr	19	25	475
Akutthjelpar Retrening	Norsk Luftambulans + e-Læring	153	4	612
Akutthjelpar Grunnkurs	Norsk Luftambulans + e-Læring	10	9	90
Sikkerhetskurs bane (Klasse C)	Skantraf , Kristiansand	10	8	80
Leiing D	Norges Brannskole	1	120	120
Tunnel kompetanse	Universitetet i Stavanger	2	35	70
Tilvenning stor lastebil 160	Hbr	5	6	30
Forebyggjande Webinar	RBR, fagskole mm	8	20	160
Arkivkompetanse	Nettbasert	1	200	200
Skogbrannseminar	Høyskolen på Vestlandet	3	7	21
ELS kurs	DSB – Norges brannskole	1	20	20
ELS instruktørkurs	DSB – Norges brannskole	1	20	20
Nødnett – hovedinstruktørkurs	DSB	1	22	22
Brannmenn mot kreft	Brannmenn mot kreft	6	10	60
HMS 40 timers kurs	HBR – innleigd	17	40	680
Diverse webinar og digitale konf.	-	-	-	-
Sum				17385

ØVINGAR

Øvingsplan for 2021 er gjennomført i den grad det var praktisk mogleg å gjennomføre. Grunna Covid-19 vart mange øvingar naturleg nok ikkje gjennomført som planlagt, men ein har forsøkt å gjennomføre nettbasert opplæring og lagøvingar der det har latt seg gjera.

Øvingsplan for 2021 er laga og distribuert til mannskap. Fram til sommaren er det lagt opp til lagøvingar i alle områder, medan det etter sommaren vert lagt opp til ein blanding av fullskalaøvingar og lagøvingar. Dersom pandemisituasjonen ikkje har blitt vesentleg betre før sommaren må dette vurderast på ny og oppsettet for hausten vil mest sannsynleg verta endra.

I hovudsak er følgjande områder gjeldande for øvingar:

- Brann/røykdykking (4 øvingar med minimum 1 varm røykdykkarøving)
- Redning/trafikk
- Redning i elv/på sjø
- Førstehjelp/helseoppdrag
- Farleg gods/akutt forureining
- Leiing, strategisk og taktisk
- Tekniske øvingar

2.4 Utrykningar

Tal utrykningar i regionen viser at Haugaland brann og redning er «på hjul» mellom 2 og 3 gongar i snitt kvar dag heile året. Med 20 stasjonar og 310 deltidsmannskap og 13 heiltidstilsette som er klar til innsats innan 10 minuttar, gjer til at brannvesenet er ein særdeles viktig kvardagsberedskap.

Frå 2019 til 2020 var det ein nedgang i utrykningar grunna covid-19, men dette tok seg opp til eit «normalt» nivå i 2021

UTRYKNINGAR

Statistikken vert henta ut frå ei database som heiter BRIS, ei database kor alle utrykningar vert registrert. Det er mogleg å gå ned i detaljar og hente ut alt frå responstider, informasjon om kvart einskilt oppdrag, brannårsak med meir.

	Kopervik	Bø	Aksdal	Åkra	Vornedal	Ølen	Sveio	Skudenes	Emne	Førde	Sand	Skjold	Sandeid	Tysværåvåg	Nedstrand	Bokn	Suldalsosen	Skånøvik	Jelsa	Utsira	SUM
ABA	56	68	58	23	33	21	16	13	14	6	7	2	8	5	4	2	1	2	1	3	343
2020	45	65	50	28	23	16	14	14	12	15	2	9	3	6	4	4	1	4	1	3	319
2019	60	65	36	33	28	26	22	10	20	22	6	8	1	5	2	7	2	2	2	2	359
Bygningsbrann	8	2	4	8	4	3	3	3	4	1	1	2	1	2	0	1	2	1	1	0	51
2020	11	5	7	5	1	3	2	0	2	2	3	2	1	2	0	1	1	2	0	0	50
2019	11	6	5	9	5	2	1	4	2	6	1	1	4	2	1	0	0	2	1	0	63
Anna brann	8	7	10	10	10	9	3	6	5	5	4	10	3	0	1	4	2	1	1	0	99
2020	15	13	19	9	7	11	5	0	7	6	7	4	4	4	1	1	2	2	0	0	117
2019	15	7	16	1	4	4	5	3	3	6	7	6	4	7	2	0	1	2	3	0	96
Trafikk	18	12	15	11	6	9	7	4	10	7	6	5	6	4	2	1	4	0	1	0	128
2020	10	11	10	8	7	3	6	3	2	3	7	5	2	3	1	5	2	3	2	0	93
2019	11	10	13	8	12	12	11	4	7	5	7	6	5	4	1	4	2	2	0	0	124
Helseoppdrag	3	13	3	4	2	4	14	8	6	13	3	2	2	1	10	4	4	7	4	3	110
2020	6	8	5	4	0	1	8	12	2	9	5	2	1	7	5	9	2	10	1	2	99
2019	16	8	6	6	3	2	14	15	3	9	2	3	3	4	2	6	3	10	3	1	119
Anna redning	6	4	3	3	6	2	2	4	5	2	6	2	1	1	0	0	2	1	0	0	50
2020	14	5	6	8	7	4	6	4	4	3	1	4	1	0	4	4	0	2	1	0	78
2019	23	4	7	18	4	3	5	3	0	3	4	2	2	2	0	1	2	1	1	0	85
Brannhindr.	18	17	14	14	8	9	9	4	2	5	3	5	1	8	1	3	0	0	1	0	122
2020	8	3	4	4	3	0	2	1	0	0	1	1	1	0	0	0	0	0	0	1	29
2019	19	3	4	8	5	3	0	6	4	3	0	1	1	0	0	3	0	2	0	0	62
Berging verdiar	14	4	3	5	2	1	3	4	1	2	1	0	0	0	0	0	0	1	1	0	42
2020	14	7	2	9	0	0	2	3	0	1	0	0	0	4	0	3	0	0	0	0	45
2019	21	7	0	5	7	2	1	1	0	0	1	0	0	1	1	10	0	1	0	0	58
Forurensning	7	10	4	3	1	3	0	3	0	0	2	2	2	0	2	1	0	1	0	0	41
2020	9	8	3	2	4	1	6	2	1	0	1	3	1	1	2	1	0	0	1	0	46
2019	24	1	0	1	4	0	2	1	0	0	1	0	0	0	0	2	0	0	0	0	36
Sum	138	137	114	81	72	61	57	49	47	41	33	30	24	21	20	16	15	14	10	6	986
Opp mot 2020	+6	+12	+8	+4	+20	+22	+6	+10	+17	+2	+6	-	+10	-6	+3	-12	+7	-9	+4	-	+110
Opp mot 2019	-62	+26	+27	-8	-	+7	-4	+2	+8	-13	+4	+3	+4	-4	+11	-17	+5	-8	-	+3	-16
Støtte til andre	20	3	14	1	1	11	4	0	4	1	21	5	2	4	0	1	0	1	3	0	96
2020	11	2	6	1	0	3	4	0	6	4	13	6	3	5	2	2	0	4	0	0	72
2019	24	10	15	1	0	4	3	0	2	5	7	1	1	2	0	2	1	1	0	0	79
Støtte fra andre	0	9	15	5	5	3	1	1	5	5	3	6	4	7	2	6	11	2	8	0	98
2020	1	1	11	7	1	5	5	1	6	3	1	4	1	4	3	3	8	2	4	0	71
2019	8	6	2	6	8	9	7	1	2	7	3	3	4	8	2	4	3	1	4	0	88
Støtte fra Hgs	0	7	9	0	9	0	2	0	0	3	2	0	0	0	0	0	0	0	0	0	32
2020	0	8	36	0	7	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	51
2019	11	21	34	7	15	3	1	1	0	0	0	0	2	1	1	6	0	0	0	0	103
Løyst av OOV	31	25	13	24	11	13	7	10	4	8	8	3	1	4	2	0	0	2	0	0	166
2020	38	18	19	21	14	3	16	3	4	6	0	3	1	2	1	1	0	0	0	0	150
2019	88	2	19	11	3	5	5	0	1	2	8	3	0	1	0	3	0	1	1	0	153
RVR, dykk, IUA	5	12	0	3	1	0	4	1	1	1	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	29
2020	7	17	5	12	4	1	0	3	1	0	1	3	1	6	2	3	0	1	1	0	68
2019																					ikkje registrert i 2019

Nokre nøkkeltal er:

- 35 % av alle utrykningar er automatiske brannalarmer.
- 16 % utrykningar vert løyst av utrykningsleiar eller overordnet vakt.
- Det er 51 brannar i bygning (pipebrannar vert rekna som annan brann).

- Ved 1 av 10 utrykningar er det meir enn 1 brannstasjon utalarmert.
- Trafikkulykker utgjør 128 av våre utrykningar.

VISUELL FRAMSTILLING:



2.5 Varslingsentral/samband

Haugaland brann og redning iks er tilknytt Alarmsentral brann sør-vest (ABSV) lokalisert i Sandnes frå og med 2019. Sentralen er organisert som ein avdeling i Rogaland brann og redning iks.

2.6 Samarbeidsavtalar

Me har følgjande samarbeidsavtalar med andre aktørar innan beredskapstenesta:

- a. felles slokkeavtale med kommunane i regionen.
- b. felles avtale om redningsdykking med Haugesund kommune
- c. slokkeavtale med Haugesund kommune om Førresfjorden (området)
- d. felles avtale om handtering av større akutte forureiningar (IUA).
- e. beredskapsavtale med Equinor og anlegget på Kårstø.
- f. beredskapsavtale med Hydro om felles kommunikasjon, felles øvingsanlegg med meir.
- g. samarbeidsavtale med Statkraft og røykdykkarberedskap med meir
- h. samarbeidsavtale med private alarmselskaper

3.0 LOGISTIKKAVDELING

3.1 Delmål

Logistikkavdelinga skal ha ei effektiv drift - fagleg og økonomisk - for drift, vedlikehald, ettersyn og kjøp for alt av køyretøy, utstyr og materiell, brannstasjonar med mer. Det skal vera ein høg driftssikkerheit ved alle våre 20 stasjonar som sikrar at beredskaps- og førebyggjande mål vert nådd.

3.2 Tilsette

Det er forutan leiar, 1,5 stillingsheimlar p.t på avdelinga. Avdelinga er organisert slik at tilsette i beredskap arbeidar med logistikk, men er i linja under beredskapsavdeling. Årsak til dette er at det er tette og overlappende oppgåver i avdelingane og det er ikkje ønskjelege å dele stillingar mellom ulike leiarar. Tilsette som arbeidar med logistikk er:

- A. Teknikarar (150 %). Har det overordna ansvaret for kontroll, ettersyn og vedlikehald av køyretøy, utstyr og materiell.
- B. Brannmeistrar (200 %). Ein brannmeister utfører ettersyn, service, vedlikehald innanfor avtalte områder og koordinert av leiar logistikk.
- C. Stasjonsmeistrar (ein deltidstilling per stasjon). Stasjonsmeistrar følgjer opp vekentleg vedlikehald og ettersyn på stasjonane og er eit bindeledd mellom beredskap og logistikk.

3.3 Køyretøy, utstyr og materiell

Avdelinga har ansvar for alt av køyretøy, utstyr og materiell på 20 stasjonar. Vidare er avdelinga ansvarleg for å vera kontaktledd overfor kommunane for leigeavtala som regulerer brannstasjonar.

Med å samkøyre all logistikk mellom stasjonane og områda, er det mogleg å få effektive system for kontroll, vedlikehald og ettersyn. Vidare unngår me at det vert etablert parallelle system og det er ein større gevinst i å inngå serviceavtalar, gjennomføre kjøp og følgje opp.

Per i dag er det følgjande køyretøy på stasjonane. Av utstyr vert det skrive det som er spesialutstyr:

Stasjon	Køyretøy					Utstyr
	Brannbil	Tankbil	Stigebil	Fremskutt enhet	Andre køyretøy	Spesialutstyr
Førde	1	-	-	1	-	ATV
Sveio	1	1	-	2	-	
Aksdal	1	1	-	1	1	Liten båt, flomutstyr, IUA-pakke
Tysværåvåg	1	-	-	1	-	ATV
Nedstrand	1	-	-	1	-	-
Bokn	1	-	-	1	-	-
Skudenes	2	1	-	1	-	UTV
Åkra	2	-	-	1	-	-
Kopervik	1	1	1	1	7	Ressursstasjon, dusjvogn, liten båt, UTV
Bø	2	-	-	-	1	-
Vormedal	2	-	-	1	-	-
Utsira	-	-	-	1 (stor)	1	-
Etne	1	1	-	1	-	ATV
Skånevik	1	-	-	1	-	-
Ølen	1	1	-	2	3	Ressursstasjon
Sandeid	1	-	-	1	-	-
Skjold	1	-	-	1	1	-
Sand	1	1	-	1	1	Helikopterbøtte
Suldalsosen	1	-	-	1	1	-
Jelsa	1	-	-	1	1	-

Investeringar er i gong, men som følgje av leveringstid (± 1 år) vil investeringane verte synleggjort seinare enn når bevillingane vert gjeve.

For 2021 er følgjande investeringar og utskiftningar gjennomført:

Kjøretøy/Utstyr	Stasjon	Status
Tankbil komplett med utstyr	Ølen	Levert
	Sveio	Levert
Mannskapsbil komplett med utstyr	Bø	Levert
	Bokn	Bestilt
	Skjold	Bestilt
Fremskutt enhet komplett med utstyr	Åkrehamn	Levert
	Bø	Levert
	Vormedal	Levert
	Tysværågg	Levert
	Sveio	Levert
Tilsynsbil	Førebyggande (tilsyn og feiing)	Levert
Dyreredningsutstyr	Kopervik	Levert
	Aksdal	Levert
	Ølen	Levert
	Sand	Levert
Øvingsmateriell, dukker, røykmaskiner etc.	Ressursstasjonar ++	Levert
Løvblåsere til slokking av utmarksbrann	15 stasjonar (Øst og midt)	Levert
Redningsvestar 150 stk.	Alle stasjonar	Levert
Utrykningstøy	Ressursstasjonar	Levert
Brannhjelmar, det er inngått kjøpsavtale på hjelmar. Me har ca. 300 hjelmar som har ei godkjenningstid på 15 år.	Alle stasjonar	Levert
Brannslanger	Ressursstasjonar	Levert
Overflatereddar drakter/utstyr	Alle stasjonar som har denne tjenesten	Levert
Redningsdressar 200 stk.	Ressursstasjonar, alle stasjonar	Bestilt
Refleksjakker synlegheitsklasse 3	Alle stasjonar	Bestilt
Ryggsekkpumper (desse vert bygd av egne tilsette, alt materiell er kjøpt inn)	Utsira	Levert
	Skjold	Levert
	Sandeid	Levert
	Etne	Levert
	Skånevik	Levert
Nettbrett for rapportering av tilsyn (14 stk)	Førebyggande (tilsyn og feiing)	Levert
Utstyrsvaskar	Ressursstasjon Kopervik	Levert

3.4 Brannstasjonar

HBR er etter selskapsavtala leigetakar overfor kommunane for alle brannstasjonane.

Det er i 2021 arbeidd med å følgje opp pålegg frå Arbeidstilsynet etter deira nasjonale tilsyn av brannstasjonar. Det er utarbeidd planar for å innfri gjeldande krav der kommunane har innarbeidd brannstasjonane i sine økonomi- og handlingsplanar etter at Representantskapet vedtok handlingsplan for desse.

Status per 31.12.2021 er:

Stasjon	Status					Text
	Ren/skitten sone og gard.	Areal	Ventilasjon	Kurs-/møte- rom	Treningsrom	
Bø	Red	Green	Red	Green	Green	Konseptanalyse klar, avventer nytt politisk vedtak som følge av økte kostnader.
Vormedal	Red	Green	Red	Green	Green	
Skudenes	Green	Green	Green	Green	Green	Ferdig rehabilitert i 2021 etter AT sine krav
Åkra	Red	Green	Red	Green	Green	Brannstasjon på Veavågen vil erstatte Kopervik og Åkrehamn. Oppstart skal skje 2024 med slutføring 2026. Det er sett av 19,5'' for siste år i økonomiplanperioden.
Kopervik	Red	Green	Red	Green	Green	
Etne	Green	Green	Green	Green	Green	-
Skånevik	Red	Red	Yellow	Red	Red	Prosjektarbeid starta, ser på moglegheit for ombygging
Ølen	Green	Green	Green	Green	Green	-
Sandeid	Red	Red	Red	Red	Red	Det er ikkje sett av midlar for utbetring per no.
Skjold	Red	Red	Red	Green	Red	
Aksdal	Red	Red	Red	Red	Red	Det er avsatt planleggingsmidler 300' i budsjettet for 2022. Dette arbeidet vil måtte gå parallelt med revidert beredskapsanalyse og vurdering av stasjonsstruktur for selskapet.
Tysværvåg	Red	Red	Red	Red	Red	
Nedstrand	Green	Green	Green	Green	Yellow	Mangler treningsrom
Bokn	Red	Green	Red	Red	Red	Det er ikkje sett av midlar for utbetring per no.
Sveio	Red	Green	Red	Green	Red	Forprosjekt ferdig, endeleg vedtak i kommunestyre, prosjektering og søknadprosess gjenstår. Avventar nytt politisk vedtak på grunn av økte kostnader.
Førde	Red	Red	Red	Red	Red	For Førde er det ei løyving på 11,56'', men der skal dette sjåast i samanheng med løysing om fremskutt innsatspersonell.
Sand	Red	Green	Yellow	Red	Red	Sand stasjon har oppstartsmidler for 2023 for å finne løysingar for eksisterande stasjon.
Suldalsosen	Red	Red	Red	Red	Red	Det er satt av investeringsmidler i 2024
Jelsa	Green	Green	Green	Green	Green	Ny stasjon etter AT sine krav ferdig i 2021
Utsira	Red	Red	Red	Red	Red	Forprosjekt ferdig, endeleg vedtak i kommunestyre, prosjektering og søknadprosess gjenstår.

3.5 Kontroll, vedlikehold og ettersyn

Satsinga på etablering av system for kontroll, vedlikehold og ettersyn viser resultat. Me har god kontroll og oversikt over køyretøy og utstyr, og me føler oss trygge på at utstyr fungerer og har kort nede/reparasjonstid. Bliksund gir god oversikt og varslar når køyretøy og utstyr skal ha service, sertifisering m.m. Anleggsregisteret i Bliksund er på plass og vil vera eit godt hjelpemiddel med tanke på planlegging av investeringar av utstyr.

3.6 Ressursstasjonar

Ved alle kjøp og anskaffelser er HMS øvst på agendaen. Løysingane som vert valt sikrar eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for våre tilsette. I dette ligg det at me ikkje er i mål, og det er rammer HBR må halde seg til, men retninga skal vera synleg og rett.

Ressursstasjonar er ein viktig nøkkel og noko som gjev stor gevinst i det å samarbeide innan brannområdet.

To av stasjonane er lager, men også med eit organisatorisk ledd som sikrar at verneutstyr og forsyningar kjem ut til mannskap når dei er i innsats. Før mannskap reiser frå skadestaden er det skifta verneutstyr, luft, meisar og det vert levert ut nye forseglede røykdykkarmasker. På denne måten er mannskap klar for ny innsats straks dei er tilbake på stasjonen, dei er minimalt utsett for ettereksponering av farlege stoff samt at dei ikkje skal bruke timeressursar på å reingjere utstyr kvar og ein.

Ressursstasjonane har i 2021 tatt bruk Bliksund som lagerstyringssystem. Dette gir ansvarlege brannmeistrar ein god oversikt over kva som er på lager på begge stasjonane og kan i så måte supplere kvarandre med for eksempel vernetøy, røykdykkarutstyr m.m. Systemet er også eit godt hjelpemiddel for å planlegge nødvendige investeringar.

4. FØREBYGGJANDE AVDELING

4.1 Innleiing

Hovudoppgåvene for avdelinga er gjennomføring av tilsyn og andre tiltak ved særskilte brannobjekt, feiing og tilsyn med fyringsanlegg og gjennomføring av informasjons og motivasjonstiltak.

I 2021 vart arbeidet med forebyggjande analyse slutført. I forbindelse med dette arbeidet er det definert sju arbeidsområde:

- **Særskilte brannobjekt**
- Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
- **Informasjon og motivasjon**
- **Risikoutsette grupper**
- Arrangement og overnatting
- Farleg stoff
- Landbruk

Av dei ulike arbeidsområda er det valt ut tre **satsingsområde** som vil ha høgst prioritet i arbeidet framover. Til kvart av arbeidsområda er det etablert handlingsplanar som beskriver mål og tiltak innanfor dei respektive områda. Handlingsplanane vil samla sett utgjere årsplan for avdelinga.

4.2 Delmål

I strategi og handlingsplan 2018-2028 er det sett følgjande delmål for det førebyggjande arbeidet:

Delmål	Status måloppnåing
Førebyggjandeanalyse skal vere gjennomført og tiltak iverksett.	Analysen var ferdig til sommaren 2021. I etterkant er det utarbeida handlingsplana for de ulike arbeids- og satsingsområda.
Det er innarbeidd system for drift av det førebyggjande arbeidet.	Internkontrollsystem er i drift (Bliksund) og fagsystem (Komtek) er i drift. Arkivsystem Websak er installert men ikkje fullt ut i drift.
Risikoutsette grupper inngår som ein naturleg del av det førebyggjande arbeidet.	Risikoutsette grupper er i den førebyggjande analysa etablert som eit av tre satsingsområde. Det blir jobba med å etablere formelle avtalar om samarbeid med eigarkommunen i selskapet. I 2021 er det berre Sveio og Vindafjord som her formalisert samarbeidet.
Tilsyn og feiing av fyringsanlegg i fritidsbustadar og heilårsbustadar er en naturleg del av avdelinga sine oppgåver.	Målet er oppnådd for heilårsbustadar men ikkje for fritidsbustader. Det er laga ein plan for å kartlegge fyringsanlegg i fritidsbustader som går over fleire år. Dette er nødvendig for at fritidsbustadar skal inngå som ein naturleg del av arbeidet.
Det skal vere sett i gang prosjekter for tettare band mellom førebyggjande- og beredskapsavdeling.	Det er iverksett enkelte prosjekt på området.
Informasjon er ein planlagt del av det førebyggjande arbeidet.	Informasjon og motivasjon er etablert som eit satsingsområde og det er etablert mål og tiltak i tilhøyrande handlingsplan.

4.3 Tilsette

Antall forebyggende personell i brann- og redningsvesenet:

- Totalt: 22
- Årsverk feieroppgaver: 13,5
- Årsverk forebyggende (uten feieroppgaver): 8,4
- Kvinner: 6
- Innvandrere eller norskfødte med to innvandrerforeldre: 1

To av årsverka i under samfunn har og har hatt prosjektstillingar internt i selskapet. Den eine er prosjektstilling som HMS koordinator og den andre er prosjekt knytt til revisjon av beredskapsanalyse m.m.

Eitt årsverk forebyggende seksjon bustad var i fødselspermisjon fram til sommaren 2021. I tillegg var det halve årsverket i permisjon heile 2021.


4.4 Kompetanseheving

Kompetansehevande aktivitet i førebyggande avdeling:

- Inspektør gjennomført førebyggande kurs – Noregs brannskule
- «Kaffepraten» - Webinar om arbeid rettet mot risikoutsatte grupper - SKAFOR
- Studie i passiv brannbeskyttelse i tunnelar – Universitetet i Stavanger
- Opplæring i «Komtek brannforebygging» - Norkart

4.5 Førebyggjande arbeidsområde

Arbeidet med førebyggjandeanalyse viser behov for endringar i retning på nokre områder i samanlikna med tidlegare prioriteringar. Endringa er nødvendig for å kunne bruke førebyggjande ressursar der risiko for tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar er størst. Kursendringa er forsøkt skildra ved å fordele tilgjengelege ressursar på dei ulike arbeidsområda.



Målingane av ressursbruk siste del av 2021 opp mot planlagt ressursbruk viser at me ikkje er i mål med kursendringa, og det må forventast at dette vil ta litt tid.

4.6 Særskilte brannobjekt

I 2021 er det registrert 562 særskilte brannobjekt som Haugaland brann og redning iks skal føre tilsyn med. Lista over særskilte brannobjekt vil vere i jamleg endring, og talet objekt variere gjennom året.

I samband med tilsyn blir det gjort ei vurdering av brannrisiko ved objektet som eit ledd i å vurdere behovet for oppfølging. Når alle objekta er vurdert vil intervall for gjennomføring av tilsyn utkrystallisere seg, og ein vil kunne sjå om det er andre tiltak enn tilsyn som kan ha en risikoreduserande effekt.

Gjennomførte tilsyn og andre tiltak i særskilte brannobjekt.

	Registrerte § 13-objekt			Tiltak og tilsyn 2021				Tiltak og tilsyn 2020			
	A	B	C	A	B	C	Andre	A	B	C	Andre
Sveio	32	2	1	2	0	0		23	0	0	3
Tysvær	72	17	3	3	0	0		42	2	2	3
Bokn	5	6	1	1	1	0		0	3	0	0
Utsira	9	1	1	1	0	0		2	0	0	0
Karmøy	199	73	5	89	7	0		88	9	2	2
Suldal	25	8	0	28	0	1		8	2	2	3
Etne	19	7	5	17	1	0	1	5	5	0	0
Vindafjord	51	10	10	7	0	0		16	2	0	3
Sum	412	124	26	148	9	1	1	184	23	6	14

- A. bygninger og områder hvor brann kan medføre tap av mange liv
- B. bygninger, anlegg, opplag, tunneler og lignende som antas å medføre særlig brannfare eller fare for stor brann, eller hvor brann kan medføre store samfunnsmessige konsekvenser
- C. viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg.

Andre: Tilsyn retta mot eks. landbruk, farleg stoff, fellestilsyn A-krim m.m.

4.7 Informasjonstiltak og motivasjon

Etter brann- og eksplosjonsvernlova skal HBR gjennomføre motivasjons- og informasjonstiltak om fare for brann, brannverntiltak og korleis ein skal opptre i tilfelle brann. Informasjon og motivasjon er etablert som eit av tre satsingsområde i førebyggjandeanalyse. Informasjon og motivasjon skil seg noko ut frå dei andre arbeidsområda, ved at det er eit tiltak som kan fungere for dei fleste risikoområda. Det er likevel nokre risikoområder som skil seg ut ved at informasjon og motivasjon er vurdert som det mest formålstenlege.

- Bustadar til og med 4-mannsbustad
- Bygningar der bruk ikkje samsvarar med bygget sine forutsetningar
- Blokk og leilegheitsbygg
- Bustadar kombinert med næring
- Fritidsbustadar
- Campingplassar
- Småbåthamn og gjestehamn
- Påsatte brannar
- Naturbrann
- Bruk av fyrverkeri

Tiltak innanfor informasjon og motivasjon varierer frå bruk av både tradisjonelle og sosiale medium til prosjekt som «etter brannen» og barnehagebesøk med Bjørnis.

Befolkning generelt

Tema for informasjon til befolkninga generelt er delvis sesongbasert, og organisert som både lokale og nasjonale kampanjar. Nokre tema som har vært på agendaen i 2021:

- Sikker vedfyring
- Ferdsel på is
- Bål/grillvett
- Sikkerheit på hytta
- Bruk av fyrverkeri



Kontroll av rømningsvegar

I desember vart det gjennomført kontroll av rømningsvegar på kjøpesenter og større forretningslokale. Dette er ein periode av året med mykje varer i forretningane og mykje folk på julehandel. Kontrollen viste at dei fleste hadde rømningsvegane i orden, men det var også nokre som måtte gjer enkle grep for å sørge for trygge rømningsvegar.

Bjørnis

Brannbamsen Bjørnis vert nytta når barn og unge er målgruppe. I deler av 2021 var Bjørnis i «karantene» og hadde derfor mindre oppdrag enn normalt. Av oppdra i 2021 kan det nemnast;

- «Den store vennefesten» i Storhall Karmøy,
- Bondesprettene i Etne,
- Refleksdag på Sand
- Bygg og anleggsmesse Aksdal
- Opning av julegate i Skudeneshavn og på Veå.

På sjølvaste julaftan besøkte Bjørnis barnehageavdelinga på Haugesund sjukehus for å overrekke ein stor fjernstyrt bil. Denne er tenkt som eit lyspunkt for barn som oppheld seg på avdelinga og kanskje kan bli frakta med Bjørnis bilen inn på operasjonsstua?



«Etter brannen»

«Etter brannen» er eit konsept som baserer seg på ein arbeidsmetode frå Liverpool kjent som Merseyside-modellen. Tanken bak konseptet er at publikum er meir mottakelig for informasjon kort tid etter ei hending. Ved hendingar der det har vore opne flammor eller røykutvikling av betydning blir det gjennomført ein dør til dør aksjon i nabolaget. Målet er å tilby råd og veiledning om brannsikkerhet.

Aksjonane er eit av prosjekta kor forebyggjande og beredskap jobbar tett saman og dermed styrker samarbeidet innad i organisasjonen.

I HBR vart det gjennomført 8 aksjonar i 2021.



4.8 Risikoutsette grupper

Risikoutsette grupper er dei gruppene av personar som størst risiko for å miste livet og helse som følge av brann. I strategi og handlingsplanen er det sett mål om at dette er ein naturleg del av det førebyggjande arbeidet. Det er også peika på i forebyggjande analysa som eit av område det må brukast meir ressursar på.

Trygg heime

Ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet er kommunane, spesielt helse og omsorgstenestene. Per 2021 er det etablert samarbeidsavtaler om «Trygg heime» med Sveio og Vindafjord kommune. Det blir jobba med tilsvarende avtaler for dei andre kommunane. Parallelt med forankring av avtaler, er det jobba med tiltak retta mot risikogrupperne. I 2021 er det gjennomført opplæring av tilsette og grupper av brukarar i dei aktuelle tenestene i fleire av kommunane. I Sveio og Vindafjord har det vore tett samarbeid om opplæring og montering av nye tryggingsalarmar inklusive røykvarslarar.



Bekymringsmeldingar

Brannvesenet plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak på bakgrunn av bekymringsmeldingar. I 2021 mottok brannvesenet 19 bekymringsmeldingar eller branttips på bakgrunn av bekymring for eigen eller andre sin brannsikkerhet. 2/3 av desse meldingane kom inn via den nasjonale portalen www.branntips.no.



4.9 Øvrige førebyggjande oppgåver

Farleg stoff

Farleg stoff er etablert som eit eige arbeidsområde i det førebyggjande arbeidet. Arbeidsområdet er i stor grad knytt til forvaltning av forskrifter om farleg stoff. Hbr var ikkje med på den årlege «brannvesenets tilsynsaksjon med farleg stoff» styrt av DSB.

I 2021 handsama førebyggjande avdeling 38 søknadar om handel og oppbevaring av fyrverkeri. I tillegg til saksbehandling vart det gjennomført tilsyn med eit utval av handelslokaler.

I tillegg vart det behandla 13 søknadar om saluttering 17. mai samt bruk av profesjonelt fyrverkeri i samband med ulike markeringar.

Landbruk

Rogaland er eit landbruksfylke, med mange både små og store driftsbygg, og vårt område har opplevd fleire brannar i landbruksbygg. Området er definert som eit eige arbeidsområde i det førebyggjande arbeidet. Den årlege tilsynsaksjonen i samarbeid med Mattilsynet, Det lokale el-tilsyn, Arbeidstilsynet vart ikkje gjennomført i 2021 som følgje av covid-19.



Arrangement / Overnatting

Som følgje av Covid-19, er det ein nedgang i søknadar for arrangement og overnattingar. For 2021 vart det motteke 65 meldingar kor fleire av desse vart avlyste. Mottekne meldingar vert vurdert og følgt opp med synfaring eller andre eigna tiltak, for å sikre at arrangementet vert gjennomført på ein trygg og sikker måte.

Plan- og byggesaker

Plan- og byggesak er ikkje eit eige arbeidsområde i det førebyggjande arbeidet, men ligg som ein dela av «andre førebyggjande oppgåver». Fleire av våre eigarkommunar nyttar brannvesenet som høyringsinstans i samband med byggesaker, plan- og reguleringsaker. I 2021 er om lag 65 saker gjennomgått, og i den grad det er blitt vurdert som nødvendig, sendt uttale til kommunen. Fokuset frå brannvesenet har i stor grad knytt til tilrettelegging for sløkkeinnsats i form av tilkomst, oppstillingsplassar og sløkkevatn.

4.10 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Førebyggjande avdeling, seksjon bustad, har som hovudoppgåve å feie og føre tilsyn med fyringsanlegg.

Feiing og tilsyn skal gjennomførast ut frå kartlagt behov og risiko.

Frå desember 2021 vert det nytta ny programvare, med digital varsling og kommunikasjon med kunde. Dette skal forbetre effektiviteten i det daglege arbeidet, med at man får en tilbakemelding frå kunde før besøk. Dette gir oss moglegheit til å fylle opp avlysingar på arbeidslistene med nye objekt, og skal gjere oss meir effektive.

Det er en målsetting av feiing og tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustadar skal

være en naturlig del av arbeidsoppgåvene. Det er gjennomført tilsyn på dei fleste fritidsbustadane i Bokn kommune i 2021. Det har gitt oss nyttig erfaring å gjennomføre dette i ein av de mindre kommunane i vårt selskap. For de som har meldt behov for feiing i dei andre kommune, er dette også utført.



Kommune	Underlag				Utførte tilsyn 2021	Utførte feiingar 2021	Utførte tilsyn 2020	Utførte feiingar 2020
	Bustadar (ssb)	Fritidsbustader (ssb)	Skorsteinar	Eldstadar				
Sveio	2811	1224	2578	2578	362	267	163	1 742
Etne	2132	801	1893	1775	8	1345	1	237
Vindafjord	4346	1144	3820	3645	1189	1699	373	2 203
Suldal	2148	1891	1800	1800	82	793	2	465
Tysvær	4880	1369	3892	5331	1798	716	157	2 644
Bokn	431	199	364	427	143	142	0	343
Karmøy	18913	809	16100	16958	2651	2890	1 423	9 798
Utsira	121	69	73	73	3	74	0	0
Ny programvare (ikkje mogleg å spesifisere på kommunane)					885	92		
Sum	35 782	7 506	30 520	32 587	7121	8018	2 119	17 432

Intervall for feiing har i forhold til tilsyn vore gjennomført etter behov. Dette medfører intervall med variasjon på 1-10 år. Før alle fyringsanlegga er vurdert vil det vere vanskeleg å med sikkerheit fastslå evt. etterslep på utføring.

Etterslepet frå tidlegare på utføring av feiing er innhenta i 2021. Dette som følgje av ekstra ressursar samt tilpassing av tenesta som følgjer av Covid-19. Siste del av 2021 vart tilsynsaktiviteten tatt opp igjen for fullt etter tidlegare restriksjonar som medførte stopp i tilsynsaktiviteten.

Dei feil og manglar som i størst grad går igjen på fyringsanlegg er:

- Mangel på tilrettelegging for feiing frå tak.
- Skorstein kledd inn med brennbare materialar.
- Manglande avstand til brennbare overflater.

5.0 ADMINISTRASJON

5.1 Administrasjon

Administrasjonen har tradisjonell oppbygging med leiar/brannsjef, avdelingsleiing for beredskap og førebyggjande avdeling samt leiar for logistikk, personale og økonomi. Vidare vert det kjøpt tenester frå Suldal kommune innanfor oppfølging av system.

Administrasjonen er samlokalisert i Haugesund i Diktervegen 8. Det føreligg vedtak om ny hovudbrannstasjon på Raglamyr der oppstart er planlagt å skje i 2022.

Underlagt administrasjon er også stillingane:

- Hms-koordinator
- Merkantil stilling

Sistnemnde stilling er finansiert gjennom abonnementsordninga for verksemder tilknytt Sør-Vest 110-sentral.

5.2 Oppgåver i 2021

Det er i hovudsak desse områda som har krevd administrative ressursar:

- A. Bekymringsmeldingar og varslingsaker
- B. Oppseiingar og kontinuitetsplanar i Etne kommune
- C. Covid-19.
- D. Etablering av selskapet.
- E. Dagleg drift.

A. Bekymringsmeldingar og varsel

I samband med ei personalsak kom det i juli/august 2021 fleire bekymringsmeldingar frå mannskap ved stasjonar i Vindafjord, Etne og Suldal. Desse bekymringsmeldingane vart følgt opp med ei rekke varslingsaker der «Messengersaken» er den som har fått mest omtale i presse og media, kommunestyret og naturleg nok internt i selskapet.

Bekymringsmeldingane vart sendt eigarkommunane ved ordførar. Varslingar vart sendt i svært mange kanalar der nokon er:

- Kommunestyrepolitikarar
- Representantskapsleiar
- Presse og media (lokal- og riksmidia)
- Styret
- Dagleg leiar
- Arbeidstilsynet
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
- Politiet

Det vart utfordrande å handtere varslings sakene ut frå at leiinga inkludert dagleg leiar vart varsla på. Styret måtte av den grunn involverast i dei varslingane som dagleg leiar var peika på.

Tiltak som er gjort:

Forvaltningsrevisjon. KPMG fekk i mandat til å undersøke selskapet sine tilsettingsrutiner, vaktordningar, løn og godtgjerings m.m. Det vart ikkje påpeika brot på regelverk rundt selskapet sin handtering av dei sakene som vart varsla på, men dei hadde forbettringsforslag. Desse er samtlege fulgt opp.

Varslingsutval. Som følge av mange varsel og at det vart varsla på leiinga, vart det etablert eit utvida varslingsutval med medlemmer frå tillitsvalte, styret, dagleg leiar, leiar personal, BHT og hovudverneombod. 14 saker vart handsama utan at det vart funnet kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljølova § 2 A-1. Unntak var for dei varslingane som gjekk under «sosiale medium». Varslingsutvalet tilrådde dagleg leiar om å gjennomføre ein ekstern undersøking av desse.

Faktaundersøkelse. Det vart gjennomført ein faktaundersøking rundt sosiale medium for å sjå om det er skjedd brot på arbeidsmiljølova ut frå at det vart hevda at det som skjedde i dei sosiale medium var å sjå på som mobbing og trakassering. Det vart inngått avtale med den anerkjente verksemda Arbeidsmiljøspesialistene as for gjennomføring.

Sjølv om det ikkje var funne brot på arbeidsmiljølova vedr. trakassering § 4-3 (3), vart det likevel påpeika at det som vart skrevet i Messengermeldingane var å sjå på som brot på § 4-3 (1) der integritet og verdigheit ikkje er ivareteke (baksnakking). Vidare vart det peika på at spreinga av meldingane var med på å forsterke belastningar for dei som var involvert og omtala, og dermed også eit brot på § 4-1 (1).

Det er arbeidsgjevar ved dagleg leiar som er ansvarleg for brot på arbeidsmiljølova og ikkje kvar einskild tilsett som måtte ha forårsaka at selskapet kjem i ein slik situasjon. Dagleg leiar har derfor beklaga det som er skjedd og vil følgje opp med tiltak for å sikre at dette ikkje skjer igjen.

Handlingsplan. Forutan dei konkrete sakene omtalt over, vert det jobba med tiltak opp mot dei bekymringane som kom i juli og august 2021. Handlingsplanen bygger vidare på den plan som vart utarbeidd etter Mai Vik-rapporten 2020.

B. Oppseiingar og kontinuitet i Etne kommune

Som ein konsekvens av uro i organisasjonen, varslingssaker og bekymringsmeldingar, vart det i slutten av desember 2021 motteke 18 oppseiingar frå mannskap ved brannstasjonane i Etne og Skånevik.

Dette vert følgt opp i 2022.

C. Covid-19

Me har i 2021 levd med restriksjonar og retningslinjer for å bidra til lågt smittetrykk. Med dei erfaringane med drog med oss frå 2020, har det ikkje vore store utfordringar med å etterleve føringar som er gitt av FHI, regjering og gjennom lokale føringar.

D. Etablering av selskapet

Mykje av det som skjer vedr. etablering handlar om beredskapsanalyse samt hovudbrannstasjon. Utover dette er det stort sett driftsoppgåver som krev fokus.

Beredskapsanalyse. Det er valt å etablere arbeidet som eit prosjekt, og det er internt tilsett ein prosjektleiar for dette (Frode Dahle). Det er vedteke eit mandat frå representantskapet i møte 24.08.2022 og det er etablert ein prosjektorganisasjon med styrings- og referansegruppe. Forslag til tiltak i beredskapsanalysa vil følgje budsjettet for 2023 samt økonomiplan for 2023-2026.

Hovudbrannstasjon. Det er to løp i arbeidet, eit kortsiktig for å få rette vedtak på plass, og eit langsiktig der innbemanning skal skje på ein korrekt måte. Det er i 2021 jobba med konseptstudie og hovudbrannstasjonen er klar for vedtak inn mot styrande organ.

E. Dagleg drift

Det er små og store oppgåver som skal løysast på dagleg basis, oppgåver som er alt frå leing til administrative oppgåver.

Det er ein utfordring at uro i organisasjonen krev all tid til leiinga og det er andre oppgåver som «lir» som følgje av prioriteringar.

5.3 Likestilling og mangfald

Kjønnsfordeling

Det er utarbeidd ein strategiplan for rekruttering og da med spesielt fokus på beredskapsområdet. Eit viktig prinsipp er at det er kompetanse og eigenskap for den spesifikke stillinga som skal vera i fokus. Kjønn, religion, hudfarge med meir skal ikkje påverke kvar einskild sin moglegheit for jobb i HBR.

For HBR er fordelinga på kjønn per 31.12.2021:

Stillingsområde	# kvinner	Endring	% kvinner	# menn	Endring	% menn
Leiging	2	-	33 %	4	-	67 %
Branningeniør og tilsvarande	3	-	33 %	6	-	67 %
Andre dagstillingar	1	-	33 %	2	-	67 %
Beredskapsstillingar 1/1	0	-	0 %	9	-	100 %
Feiing og tilsyn	3	-	23 %	11	-	77 %
Brannkonstablar deltid	16	-	6 %	273	-4	95 %
Sum	25		8 %	304		92 %

Tiltak

Selskapet arbeider aktivt med å rekruttera kvinner, spesielt på deltid. Det er ein liten prosentvis auke på kvinneandel for konstablar frå 2020 til 2021. I 2021 fekk HBR sin første kvinnelege utrykningsleiar. Det skal spesielt nemnast at me også har fått vår første kvinnelege utrykningsleiar (Sveio stasjon).

Nasjonalitet

Det er i beredskapsavdelinga sju personar med bakgrunn frå andre stadar enn Norden;

Polen:	1	Bulgaria:	1
Argentina:	1	Ungarn:	1
Romania:	1	Spania:	1

5.4 Helse, miljø og sikkerheit

Verneområde og verneombod

I 2021 har selskapet hatt seks verneombod med tilhøyrande verneområde. Fem av områda dekker stasjonar med deltidsmannskap og eitt område for heiltidstilsette. I tillegg er det valt eit hovudverneombod.

Hovudverneombud:	Torbjørn Larsen
Verneombud - fast tilsette:	Finn T Yven
Verneombud - Karmøy/Utsira:	Michel Møller
Verneombud - Sveio og Førde:	Torbjørn Larsen
Verneombud - Sand; Jelsa og Suldalsosen:	Håranes Alf Rune
Verneombud - Etne, Skånevik, Ølen, Skjold og Sandeid:	Bernt Arne Skjold

Det er gjennomført to verneombodssamlingar i 2021.

HMS-koordinator

Stillingar er midlertidig tilsett John Håkon Næss.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

AMU vart etablert i 2020 og det er i 2021 gjennomført 4 møter og det føreligg ein eigen årsrapport.

Bedriftshelseteneste

Det er inngått bedriftshelseteneste med Medco for ein periode på to år med opsjon på ytterlegare to år. Oppstartsdato var 1. september 2019. Handlingsplan for 2021 er gjennomført og rapport levert frå leverandør.

HMS og kvalitetssikringssystem

Det er inngått avtale med Bliksund as om eit hms- og kvalitetssikringssystem som omhandlar kompetanse, avvik, oppslag og informasjon samt rutinar, kontroll, vedlikehald og ettersyn med meir.

Systemet ble utvidet til Bliksunds Fagsystem brann som er spesielt tilpassa brannvesen. Fagsystemet inneheld dei same modulane som det opprinnelege, men nokre modular/tiltaksbøker er lagt til.

Det er utarbeidd diverse nye overordna retningsliner og prosedyrer, og revidering av eksisterande pågår fortløpande. Det er overordna prosedyrer og rutinar som dekker dei krav i internkontrollforskriftens § 5, 2. ledd.

Hendelsesrapporteringssystem

Me har eit system som handterer både avvik, forbetnings- og driftsmeldingar. Systemet opererer med tre hovedgrupper/knagger:

- Avvik
- Forbedringsmeldinger
- Mangler på utstyr/materiell/kjøretøy

Totalt er det registrert 380 hendelser i hendelsesmodulen i 2021, der 77 er under behandling og 303 avsluttet. Disse fordeler seg på følgende måte:

- 141 avvik, der 54 er under behandling og 87 er avsluttet.
- 58 forbedringsmeldinger, der 11 er under behandling og 47 avsluttet.
- 161 mangler på utstyr/materiell/kjøretøy, der 12 er under behandling og 149 avsluttet.

Vernerundar

Prosedyre, rutine og sjekklister for vernerundar vart utarbeidd i 2021. Vernerundar for alle stasjonane er planlagt gjennomført første kvartal 2022.

5.5 Informasjon

Det er i HBR etablert ein 50 % informasjonskoordinator (Morten Svandal). Formålet er som namnet tilseier, å koordinere informasjon som skal kommuniserast internt i og ekstern frå organisasjonen.

Av intern kommunikasjon er det i hovudsak informasjon ut til dei tilsette i beredskapsavdelinga på dei ulike stasjonane som er utfordrande. Her er det ein avstand frå leiinga og til kvar einskild ein avstand som er både geografisk og hierarkisk lang. Det er utarbeidd ein kommunikasjonsplan og det er vert kommunisert gjennom:

- Tåkespiker, eit informasjonsark med hovudpunkt. Oppstart var november og kjem månadleg.
- Bliksund. Nyhende og annan formell informasjon vert lagt ut på vårt intranett som er Bliksund.
- Facebook. Uformell informasjon, hendingar, gladsaker med meir vert formidla på ei lukka side for dei tilsette.
- Mail og sms. Vert nytta der informasjon går 1:1 og ved korte driftsmeldingar.

Av ekstern kommunikasjon er dette omdømmebygging, førebyggjande arbeid og generell informasjon til eigarar, innbyggjarar og andre som me i HBR ønsker å kommunisere med.

Informasjonskoordinator har i siste del av perioden vore tilsett som områdeleiar, og det har dermed ikkje vore mogleg å oppretthalde «trøkket» på informasjonssida frå koordinatoren. Dette er ein prioritering og som må sjåast på i den situasjon som selskapet er i.

5.6 Sjukefråver

Statistikk frå NAV viser utvikling av legemeldt sjukefråvær for selskapets tilsette.

- 1. kvartal 4,9 % (2020: 5,3 %)
- 2. kvartal 4,2 % (2020: 4,7 %)
- 3. kvartal 4,8 % (2020: 5,4 %)
- 4. kvartal 5,3 % (2020: 5,6 %)

Tala viser igjen ei positiv utvikling frå 2020 til 2021, sjukefråværet er redusert. Tala for 4. kvartal kan sjåast i samanheng med utvikling i pandemien.

Haugaland brann og redning no lågare sjukefråvær enn kommunal forvaltning. I operativ teneste er det vanskeleg å leggje til rette for arbeid for tilsette med helseutfordringar. Fysiske og psykiske krav til helse er høge. Selskapet vil fortsette arbeidet for å få sjukefråværet ned i administrative og forebyggjande tenester.

5.7 Prosjekt

Forutan interne prosjekt har me 4 eksterne prosjekt:

1. Det store brannløftet. Eit prosjekt med ei ramme på 350 millionar der dagleg leiar i HBR er prosjektleiar. Prosjektet er inne i ein oppfølgingsfase med 4 delprosjekt og eit ti-tals tiltak innanfor førebyggjande aktivitetar, kompetanse, FoU og materiell.
Tidsbruk er nokre timar per månad og vert fakturert etter avtale.
2. Det store brannløftet. Eit tiltak innan leiging og som skal gjennomførast i perioden 2019-2021 har Morten Svandal som prosjektleiar. Prosjektet er forankra i Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap og skal bidra med planlegging, utrulling og oppfølging av Enhetlig ledelsessystem (ELS) til alle norske brannvesen.

Prosjektstillingar utgjer inntil eit 20 % årsverk der det vert fakturert etter avtale.

3. Etablering av fagskule. Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap skal etablere ein fagskule der Morten Svandal er med i prosjektet til DSB og Norges brannskole.
Prosjektstillingar utgjer inntil eit 50 % årsverk der det vert fakturert etter avtale.
4. Fagkompetanse. Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap kjøper timar av brannsjef i ulike prosjekt. I 2021 er utredning for samhandling med politi og helse, ny forskrift for Svalbard og veiledningsarbeid for beredskapsanalyse vore oppgåver.

6 STYRE OG REPRESENTANTSKAP 2021

6.3 Møteaktivitet styre

Det er gjennomført 10 styremøte i 2021:

Møte 28. januar 2021

- 21/001 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/002 Godkjenning av protokoll
- 21/003 Styreevaluering 2020
- 21/004 Samarbeidsavtale med Haugesund brannvesen
- 21/005 Organisering og dimensjonering av hovedbrannstasjon
- 21/006 Mandat – revidering av beredskapsanalyse
- 21/007 Orientering om drifta
- 21/008 Eventuelt

Møte 24. mars 2021

- 21/009 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/010 Godkjenning av protokoll
- 21/011 Årsmelding 2020
- 21/012 Rekneskap 2020
- 21/013 Handlingsplan etter bekymringsmeldingar 2020
- 21/014 Planlegging av eigarstrategimøte
- 21/015 Internkontroll økonomi
- 21/016 Styreevaluering
- 21/017 Orientering om drifta
- 21/018 Prosjektmidlar
- 21/019 Eventuelt

Møte 25. mai 2021

- 21/020 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/021 Godkjenning av protokoll
- 21/022 Status HBR for nye styremedlemmer
- 21/023 Prosjekt DSB
- 21/024 Arbeidsmiljø - HBR
- 21/025 Eventuelt

Møte 15. juni 2021

- 21/026 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/027 Godkjenning av protokoll
- 21/028 Klageorgan for HBR
- 21/029 Mandat og organisering - beredskapsanalyse
- 21/030 Orienteringssaker
- 21/031 Eventuelt
- 21/032 Oppfølging av tilsyn fra Arbeidstilsynet - drøfting

Møte 03. august 2021

- 21/033 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/034 Orientering om innkomne varsel
- 21/035 Eventuelt

Møte 25. august 2021

- 21/036 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/037 Status for brannstasjoner og anbefaling av tiltak
- 21/038 1. utkast for budsjett 2022 med økonomi- og handlingsplan 2022-2025
- 21/039 Orientering om drifta
- 21/040 Utfasing av bil – Bø stasjon
- 21/041 Eventuelt

Møte 13. september 2021

- 21/042 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/043 Behandling av varsel

Møte 13. oktober 2021

- 21/044 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/045 Budsjet 2022
- 21/046 Status for behandling av bekymringsmeldinger, varsel m.m.
- 21/047 Orientering om drifta
- 21/048 Eventuelt

Møte 24. november 2021

- 21/049 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/050 Revisjonsrapport KPMG
- 21/051 Oppfølging av handlingsplan
- 21/052 Eventuelt

Møte 15. desember 2021

- 21/053 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/054 Godkjenning av protokoll 18.11.2021
- 21/055 Godkjenning av protokoll 13.10.2021
- 21/056 Møteplan 2022
- 21/057 Evaluering av fordelingsnøkkel
- 21/058 Status for handlingsplan etter bekymringsmeldinger
- 21/059 Gjennomføring av beredskapsanalyse
- 21/060 Handlingsplan etter KPMG sin forvaltningsrevisjon
- 21/061 Fullmaktsmatrise
- 21/062 Orientering om drifta
- 21/063 Særskilt klageorgan
- 21/064 Eventuelt

6.2 Møteaktivitet representantskap

Det er gjennomført 3 representantskapsmøte i 2021 med følgende saker:

Møte 23. april 2021

- 21/001 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/002 Godkjenning av protokoll
- 21/003 Årsmelding 2020
- 21/004 Rekneskap 2020
- 21/005 Val av styre for perioden 2021-2023, fastsetting av styrehonorar og endring av selskapsavtale
- 21/006 Styreevaluering
- 21/007 Samarbeidsavtale med Haugesund, ref. forliksavtale
- 21/008 Organisering og dimensjonering av hovedbrannstasjon
- 21/009 Orientering om drifta
- 21/010 Eventuelt

Møte 24. august 2021

- 21/011 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/012 Revidering av beredskapsanalyse
- 21/013 Eventuelt

Møte 12. november 2021

- 21/014 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 21/015 Godkjenning av protokoll 23.04.2021
- 21/016 Godkjenning av protokoll 24.08.2021
- 21/017 Budsjet for 2022 med økonomi- og handlingsplan 2022-25
- 21/018 Klageorgan i HBR iks
- 21/019 Orienteringssaker
- 21/020 Eventuelt

6.3 Anna møteaktivitet

Det er gjennomført to eigarmøte og eit kontaktmøte, ref. eigarstrategi:

Møte # 1:	07.05.2021	Eigarmøte
Møte # 2:	13.08.2021	Eigarmøte
Møte # 3:	07.09.2021	Kontaktmøte Etne, Vindafjord og Suldal
Møte # 4:	10.09.2021	Eigarmøte
Møte # 5:	30.09.2021	Eigarmøte
Møte # 6:	23.12.2021	Kontaktmøte Etne

7. REKNESKAP

Rekneskap og årsmelding for 2021 er utarbeidd etter Lov om interkommunale selskap, Forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg. I samsvar med selskapsavtala § 7.3 vert rekneskapet lagt fram etter kommunale rekneskapsprinsipp og inneheld driftsrekneskap, kapitalrekneskap, balanserekneskap og noteopplysningar.

Fullstendig rekneskap er å finne som eit eige dokument og vert lagt fram for styret og representantskap.

7.1 Oversikt over økonomisk drift per 31.12.2021

	Økonomisk oversikt – drift	Rekneskap 2021	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2020
1	Andre sals- og leigeinntekter	18 181 732	17 572 868	17 572 868	16 165 443
2	Overføringar med krav til motyting	7 752 645	8 282 836	8 282 836	6 663 289
3	Andre overføringar	91 653 646	91 633 741	91 633 741	92 593 201
4	SUM DRIFTSINNEKTER 1+2+3	117 588 023	117 489 445	117 489 445	115 421 934
5	Sum driftsutgifter	-117 517 509	-119 594 102	-119 946 602	-112 552 893
6	BRUTTO DRIFTSRESULTAT (4+5)	70 514	-2 104 657	-2 457 157	2 869 041
7	Netto finansutgifter	-1 787 711	-1 779 023	-1 779 023	-523 633
8	Motpost avskrivningar	4 703 871	4 258 180	4 258 180	4 239 120
9	NETTO DRIFTSRESULTAT (6+7+8)	2 986 673	374 500	22 000	6 584 528
10	Bruk av tidlegare års rekn. mindreforbruk	0	0	0	4 846 020
11	Brukt i investeringsregkneskap	2 324 500	2 324 500	22 000	3 955 535
12	Netto avsetningar disposisjonsfond	219 757	-1 950 000	0	6 672 621
13	Avsetning til bundne fond	442 417	0	0	802 392
14	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	0	0	0	0

Driftskommentar:

Refusjon sjukdom/fødselspermisjon. Bokførte inntekter er kr 0,1'' lågare enn budsjettert som følge av lågare sjukelønnsinntekter enn forventa. Samanlikna med 2020, er det motteke 0,70'' meir i refusjonsinntekter i 2021.

Sal av varer og tenester. Bokførte sal er 0,9'' over det som vart budsjettert. Dette vert forklart med fakturerte alarmavtalar, og det faktum at det ved tidspunkt for budsjettering ikkje var klart kva priskategori dei ulike avtalane kom inn under. I tillegg har det komme inn 30 nye avtalekundar i 2021. Ikkje alle er aktivert, men dei som er aktivert er fakturert med kr 0,21''.

Me har fått inn inntekter frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap med kr 0,31'' og kr 0,13'' frå Gjensidigestiftelsen.

Avgiftspliktige gebyr. Inntekter innanfor feieområdet utgjorde for 2021 kr. 12,6''. Dette er kr 0,5'' mindre inntekter enn budsjettert, noe som kan forklarast med lågare aktivitet på hytteområdet enn budsjettert.

Aktivitet. Som følge av lågare aktivitet i 2021 er det kome inn 0,43'' mindre i kompensasjonssinntekter enn det som vart budsjettert.

Tilskudd fra deltakerkommunene er på til sammen kr 92,5'' og fordeler seg følgende:

TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	TILSKOT
Utsira kommune	430 028
Bøkn kommune	1 762 391
Karmøy kommune	47 878 026
Suldal kommune	6 151 196
Etne kommune	5 779 487
Vindafjord kommune	10 487 306
Sveio kommune	6 458 568
Tysvær kommune	12 686 739
SUM TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	91 633 741

Ca. 70 % av selskapet sine inntekter er bunde opp i utgifter for løn.

På lønnsområdet inkl. sosiale kostnader viser rekneskapet ca. 2 % meir bokførte utgifter samanlikna med budsjett for 2021. Dette har skuld i eit høgare lønssoppgjer enn budsjettert, endringar i SFS2404, feil i Gat og harmonisering opp til 16 års ansiennitet.

Det er tatt inn i budsjett kr 1,95'' jfr. styresak 21-138.

Meirkostnader som følge av Covid-19 var i underkant av kr 0,135'' med følgende fordeling:

OMRÅDE	KOSTNAD
Løn inkludert sosiale utgifter	90 695
Drift	44 247
SUM	134 1

7.2 Investeringar

Tabell viser blant anna ei oversikt over tilgang (investering) 2021;

Bokført verdi pr 31.12.2021	<i>Person-, vare- og lastebilar</i>	<i>Brannbilar</i>	<i>Maskiner, verktøy, inventar og utstyr</i>	<i>IKT-utstyr, program og andre kontor- maskinar</i>	SUM
Bokført verdi 01.01.21	9 882 066	40 904 626	4 952 036	550 790	56 289 518
Årets tilgang	905 110	17 790 926	2 043 852	70	20 739 958
Avgang i året					
Delsalg i året					
Årets ordinære avskrivningar	-1 425 863	-2 354 524	-755 361	-168 123	- 4 703 871
Årets nedskrivningar	-834 764				-834 764
Årets reverserte nedskrivningar					
Bokført verdi pr 31.12.21	8 526 549	56 341 027	6 240 527	382 737	71 490 840
Økonomisk levetid	10 år	20 år	10 år	5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Det er investert for kr 20,7'' totalt i 2021 der omlag 2,3'' er finansiert over drift og resten er finansiert med lån, sal av driftsmidlar og refusjonssinntekter. Det er i tillegg udekket i investeringsregnskapet med kr 3,4'' som vert dekket inn med lån i 2022.

7.3 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat for 2021 er prega av nøkternhet og god økonomisk styring, noko som kjem fram av følgjande nøkkeltal anbefalt i rapport frå Telemarkforskning:

Nøkkeltal	Beløp	Driftsinntekt	HBRE 2021	Anbefalt nivå
Netto driftsresultat	2 986 673	117 588 023	2,54 %	Minst 3 -5 %
Disposisjonsfond	219 757	117 588 023	0,19 %	Minst 5 -10 %
Netto finansutgifter	1 787 711	117 588 023	1,52 %	Maks 2 - 3 %
Netto lånegjeld	17 870 470	117 588 023	15,20 %	Maks 50 - 60 %

Teknisk beregningsutvalg (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren over tid bør vera om lag 2 prosent av driftsinntektene der ein tilrår eit nivå på 1 ¼ prosent for kommunane. Tilrådinga gjeld for sektoren som heilheit og ikkje for den enkelte kommune og fylkeskommune. Enkelt sagt vil dette medføre økonomisk balanse. Eit positivt netto driftsresultat ut over dette vil fungere som ein tryggleik mot uforutsette auka utgifter eller reduserte inntekter.

Sidan selskapet har eigarkommunar som sikkerhet i ryggen er det fornuftig å leggja seg litt lågare enn tilrådd nivå. Likevel vil det vere formålstjenleg å velje eit måltall for å sikrar god økonomistyring for selskapet og for eigarane. På bakgrunn av dette har styret i Haugaland brann og redning iks vedteke at netto driftsresultat skal i planperioden 2022 – 2025 vera minimum 1,0 prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat er ein indikator på kor mykje me sit att med når alle utgifter er trekt i frå. For selskapet var indikatoren i 2021 på 2,5 %, noko som er tilfredsstillande med tanke på det som vert tilrådd.

For at Hbr iks skal ha tilstrekkelege økonomiske reserver til å møte uforutsette hendingar, som svikt i inntekter eller **uforutsette utgiftsauke, er det ei viktig oppgåve å bygge opp eit disposisjonsfond**. Disposisjonsfond i 2021 utgjer 0,19 % av driftsinntekter og etablering av fond er i tråd med selskapsavtala. Etter § 7-2 kan selskapet bygge opp fond for gjennomføring av investerinigar, til nødvendig driftskapital og til framtidige pensjonsplikter

Oppbygging av eit disposisjonsfond kan også bidra til at Hbre IKS i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine. I økonomistyringa og budsjettarbeidet er selskapet opptatt av kor stor del eigenkapitalfinansiering av investeringer selskapet har høve til. Dette vil avhenge av inntekter og inneståande midlar på ubundne fond, inkl. investeringsfond

Bufferen vert vanlegvis målt ut frå storleiken på selskapet sitt disposisjonsfond. Selskapet vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store delar av eit positivt netto driftsresultat på minimum 1 % vert avsett til disposisjonsfond.

Målet er valt som ei «bør»-formulering, fordi det ikkje er hensiktsmessig at Hbre i enkelte år skal måtte gjere store grep i drifta for å fylle opp igjen disposisjonsfondet. Måltallet vil dermed meir fungere som ei rettesnor over tid.

Brutto driftsresultat for selskapet viser kr 0,07'' i mindreforbruk.

Korrigert for netto finansutgifter på kr 1,78'' og motpost avskrivning på kr 4,7'' ender me opp med eit netto driftsresultat på kr 2,98''. Av desse vert kr 2,32'' overført til investeringsrekneskapet. Kr 0,44'' er avsetningar til bundne fond. Resterande mindreforbruk på kr 0,21'' er avsett til disposisjonsfond. Dermed går rekneskapen for 2021 i balanse.